# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn Nr. 4/2024 - 66. årgang

## Jul, midt i all uro

redaktørens hjørne

***Alt har Far min overgjeve til meg. Ingen kjenner Sonen, utan Faderen, og ingen kjenner Faderen, utan Sonen og den som Sonen vil openberra det for.***

*Matt 11, 27*

Det er ikkje alle som møter advent og jul full av forventning, fred og glede, sjølv om det er Fredens Gud; Fredsfyrsten, som kjem. Nokon har uroen inni seg. Andre lever med krig og konflikt eller mangel på mat og varme.

Me er på veg inn i den tredje jula med krig i Ukraina, den andre jula på rad med krig i Midtausten. Andre stader i verda har pågåande krigar, år etter år. Me kan ikkje førestilla oss korleis det er å gjera seg klar til å feira Fredsfyrsten midt i krigen.

Dei som kjenner på meir uro enn fred inni seg, er rundt oss kvar dag, overalt.

"Husk at vi alle alltid sammenlikner egen innside med andres utside; med det de velger å vise fram,» skreiv prest Sunniva Gylver på facebook etter ein begravelse til ei 18 år gammal jente som hadde tatt sitt eige liv. Uroen vart for stor.

«Må alle kjenne julefred» ber me i kyrkja i jula. Nokon treng fred frå krig og bomber. Andre treng fred frå all uro på innsida.

Juleevangeliet, med barnet som vart født av ei tenåringsmor til fattige kår, er starten på Guds redningsplan.

Jesus kom til jorda for å visa oss vegen til fred med kvarandre og fred med oss sjølv. Hjelpa oss å finna kvile, og fylgja oss gjennom dei vonde dagane.

«Ta mitt åk på dykk (…) For mitt åk er godt», seier Jesus. Ved Han får me kvile og hjelp til å bera tunge sorger og bekymringar.

*Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel. For mitt åk er godt, og mi bør er lett.*

*Matt 11, 28-30*

*Ståle Hustoft*

*Redaksjonen avslutta 24. november*

### Framsidebiletet

*Nytt kjøken i Aksdal kyrkje:*
*Frå den fyrste dugnaden 10. oktober 2024. Brosteinene der nybygget kommer ble tatt opp og lagret. Les mer på side 4 og 5.*
*Foto: Asbjørn Erdal.*


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anita Syvertsen Are, Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874
**VIPPS-nummer: 523083**
Frivillig kontigent: kr. 300,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft



Her kan du betale med vipps

523083
Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den *frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083*



**Kyrkja i Tysvær og Bokn**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon: 476 41 868**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: post.tysver@kirken.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 14

**Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn**
**Tor Egil Eriksen**
Mobiltelefon: 404 00 686

**Sokneprest Nedstrand sokn**
**Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Førresfjorden sokn**
**Gjermund Lygre**
Mobiltelefon: 934 93 520

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Diakon Synnøve Svensson Haakonseth**

**Ungdomsdiakon**
**Lisbeth Skilhagen Haaheim**

**Menighetspedagog**
**Hjørdis Kristina Støle Brasøy (permisjon**

**Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide**

**Menighetspedagog Kari Undheim**

**Organistar**
**Johannes Støle**
**Bergfrid Seibt**

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Ottar Krakk**
Mobiltelefon: 932 16 644
**Bokn kommune: May Jorunn Vatnaland**
Mobiltelefon: 950 62 816

**Administrasjonssekretær**
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein**
**Katrine Eide**

**Kyrkjetenarar**
**Odd Grønnestad:** *900 71 868*
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein***: 976 18 216*
**Eva Keller:** *936 75 972*
**Einar Selvåg**






## Syng som aldri før!

på kyrkjebakken

*Juleandakt av Biskop Anne Lise Ådnøy*

**Kva gjer julesongane med oss? Vakre ord om lys og glede, fryd og fred. Handlar dei om andre enn oss, i ei anna tid, ein annan stad?**

Freden i verda har ikkje vore meir truga sidan Cubakrisa i 1962, melder BBC. Kan vi likevel syngja «Fred over jorden, menneske, fryd deg!»? (Salmeboka nr.48) Svaret er JA! Vi ikkje berre kan, vi MÅ syngja og fryda oss og feira og aldri gje opp trua på at Gud har verda i si hand. Hans vilje er å skapa fred og rettferd og gje alle menneske glede og tilgjeving i trua på Jesus.

Juleevangeliet fortel oss at Gud ved å senda sin son til oss opnar ein ny veg for menneska til å leva sine liv i tillit og tru til Guds nåde, utan krav om høg moral eller plettfri livsførsel.

Det er noko enkelt over evangeliet om Jesusbarnet. «Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg, slik opna du porten til himlen for meg.» (Salmeboka nr. 56) Salmen fangar juleevangeliet – og kristen tru – i éi setning.

Har du ikkje ei salmebok? Ønsk deg ei til jul!

Vi går snart inn i jubileumsåret 2025. I over 900 år har vi sunge julesongar saman her i Rogaland.

For heile 1700 år sidan vart trua på Jesus formulert slik i den nikenske truvedkjenninga: «For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen». (Salmeboka s. 1144-1145). 800 år seinare blei Domkirka i Stavanger bygd til ære for Gud og glede for menneske. Vi kan ikkje vurdera høgt nok kva den glade bodskapen om Jesus har betydd og fortsatt betyr.

Gleda Jesus gjev er ikkje ein motsetnad til ein mørk situasjon i verda eller til sorg. Den ber oss gjennom alt, særleg når vi syng saman.

Julesongane er til for å bli brukt midt i uroa, midt i sorgene. Vi kan syngja dei trass i alt som er mørkt, og på grunn av lyset Jesusbarnet brakte inn i verda. Dei set toner til håpet og held fast freden.

«Verden var aldri helt forlatt! En stjerne skinner i natt.» (Salmeboka nr. 68)

*Korfoto: Alf-Einar Kvalavåg*
*Anne Lise Ådnøy: Stavanger bispedømmekontor*




# Nå er vi i gang

*tekst Asbjørn Erdal*

**Etter flere år med planarbeid kunne vi mandag 28.oktober sette i gang med graving i kjøkkentomta på sørsiden av kirkebygget. Nå kan vi snart se fram til et nytt og utvidet kjøkken som blir et godt og tjenlig redskap i menighetsarbeidet.**

Arealet blir utvidet fra 20 til 60m2, så vi får adskillig mer plass til å lage mat - og til lager og kjøl/frys. Oppvasken beholdes i den gamle delen, som nå blir et rent vaskeområde.



***Bilde til venstre og over:*** *Fra den første dugnaden 10. oktober 2024. Brosteinene der nybygget kommer ble tatt opp og lagret. Foto: Asbjørn Erdal.*





Planen er å få reist bygget med tett tak før jul. Så regner vi med at kjøkkenet kan stå ferdig i mars neste år. Det vil nok bli en periode i byggearbeidet der det eksisterende kjøkkenet blir stengt, for å kunne koble sammen gammelt og nytt. Vi vil informere alle brukere om dette så snart tidspunktet for avstengingen er klart.

Vi har et byggebudsjett på 4 millioner. Vi har det meste av finansieringen på plass, men mangler fortsatt ca. 300.000 for å være helt i mål. Vi vil framover i høst og vinter utfordre alle som heier på prosjektet om å gi en gave, slik at vi kan sikre hele finansieringen av kjøkkenet. Vi håper på mange rause givere.

Slike pengegaver gir rett til skattefradrag. Dersom du vil benytte deg av denne ordningen, kan du kontakte kirkekontoret i Aksdal for å få tilsendt skjema på e-post. Det vil også ligge skjemaer ved utgangen i kirken.



***Bilde til venstre og over:*** *28. oktober tok ordfører Monika Lindanger det første spadestikket på byggetomten. Foto: Magny Erdal.*



***Bilde over:*** *Asbjørn Espeset sørget for pannekaker til dugnadsgjengen. Foto: Asbjørn Erdal.*

**Nytt kjøkken i Aksdal kirke**

## Slik kan du gi:

**Bank: 1506.82.54113  Vipps: 824140  Merk: Nytt kjøkken i Aksdal kirke**

# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR*

## Småglimt frå Misjonsdag på Stemnestaden i september:








***Bilde oppe til venstre:***
*Tema om sjukehuset i Okhaldhunga Nepal og førstehjelp.*
***Bilde over:*** *Janne forteller om misjon.*
***Bilde til venstre:*** *Bønnevandring*
***Bilde under:*** *Konsentrert jobbing hos konfirmantane i Tysvær.*





***Frå natursti på hausttakkefest i Tysvær sokn.***

## Konfirmantleir til Brandøy 31. januar - 2. februar

**Konfirmantopplegget er godt i gang. Det meste skjer rundt om kring i kyrkjelydane.**

Men kvart år inviterer vi alle konfirmantane til felles leir til Brandøy. Da blir det lett 80-90 konfirmantar som blir med, pluss 20 ungdomsledere og ansatte.

Det pleier være en populær helg med mye aktivitet, god underhaldning, undervisning, bønnevandring og gudsteneste – og lite søvn!

Påmelding til leiren er nå open og vi reknar med at den blir fullbooket også denne gangen. For informasjon kontakt konfirmantlederen.





## Undretur i kyrkja for 3 åringane

**30. oktober vart 3 åringane på Bokn inviterte i kyrkja til utdeling av boka : Kyrkja mi.**

Det var trygt å ha ei hand å holda i då dei kom, men dei tødde fort opp etter litt song med Tor Egil.

Det var spennande å gå på «sauejakt» og å finna alle motiva frå boka dei fekk. Dei fekk læra litt om kva som var i kyrkja, studera døypefonten, orgelpipene osv. Kjekt å sjå kor interesserte dei er!

kyrkje nær I TYSVÆR

## Lunsjtreff i Aksdal kyrkje

30. januar, kl.11.30
20. februar, kl.11.30
27. mars, kl.11.30
24. april, kl.11.30
22. mai, kl.11.30

## Go'kveld i Aksdal kyrkje

**26. mars kl.19.00**

"Det gamle testamentet som problem og ressurs" ved professor Knut Holter, NLA

I Det gamle testamentet finner vi spennende fortellinger og vakker poesi samtidig som vi finner vold, brutalitet og gudsbilder som til tider synes fjerne og langt borte fra hva vi er vant med i dag. På hvilken måte kan vi bruke disse gamle tekstene og hvordan kan de bety noe for oss i dag?

## Simenklubben

Simenklubben i Aksdal kyrkje kl.18.30-20.00 - HEL inkluderingsarbeidet i kirken

**4. jan. kl.12.00-14.00:** Juletrefest i Vår Frelsers menighetshus
**6. jan:** Simenklubben
**12. jan:** HEL - gudstjeneste kl.11.00 i Aksdal kyrkje
**3. feb:** Simenklubben
**8. feb.** kl.12.00 - 14.00: Jubileumskafe i Vår Frelsers menighetshus
**3. mars:** Simenklubben
**7. april:** Simenklubben
**5. mai:** Simenklubben

## Jubileumshelg 6. - 9. februar

**Jubileumshelgen 6.-9. februar 2025 feirer vi at Stavanger domkirke og by er 900 år. Jubileumshelgen blir også markert i Haugaland prosti**

Det blir dager med variert program. Følg menighetens nettsider og facebooksider for mer info. Fullstendig program kommer etter hvert.

Torsdag 6.februar kl.18.00 Friluftsgudstjeneste og markering av Samefolkets dag mellom Vår Frelsers menighetshus og Vår Frelsers kirke.

Lørdag 8.februar "Sammen-dag" for barn i Aksdal kyrkje kl.11.00 - 14.00

Lørdagskafe for kirkens HEL-arbeid 8.februar kl.12-14 i Vår Frelsers menighetshus.

Søndag 9. februar kl.11.00 i Vår Frelsers kirke. Felles gudstjeneste for små og store.



# Jubileumshelg Soknehuset 25 år

tekst Irene Høyvik Jørgensen/ foto Kristian Jørgensen

**Helga 27.-29. september markerte Soknehuset i Tysværvåg 25 årsjubileumet sitt tre dager til ende. Og for ei helg det ble!**

Fredagskvelden var det duket til festkveld der det var de voksne som var målgruppa. Her ble 105 stk servert lokalt limousinkjøtt fra Susort tilberedt av lokal kokk Jan Atle Kalkvik, med et rikholdig kakebord etterpå. Vilma og Emma Fjeldheim imponerte med nydelig sang og senere på kvelden fikk vi flott sang av den lokale gruppa Serenity.

Ikke fullt så lokal var Oddgeir Bruaset kjent fra NRK serien "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu" men han underholdt oss med historier som fikk frem både latter og ettertanke.

Soknehuset ble bygd med mange timers dugnadsinnsats og i løpet av kvelden fikk vi et historisk tilbakeblikk fra flere av de som var sentrale under byggingen av huset som sto ferdig i 1999.



Kørner Høie og Marit Sofie Teistedal Vikre var noen av de som delte historier fra 25 år med aktivitet på Soknehuset.

Vi fikk høre om mange ulike måter folk fikk bidratt på, godt dugnadsfellesskap og hvordan måltidsfellesskap har vært motiverende under arbeidsøktene og litt "lått og løye" fra prosessen. Film fra bygging og nedleggelse av grunnsteinen ble vist og flere som satt i salen denne kvelden kunne se en 25 år yngre versjon av seg selv.

Ordfører Monica Lindanger deltok og kom med en hilsen. Tidligere prost Arne Øsyese som var med og la ned grunnsteinen sammen med prest Arne Aurdal i 1997 avsluttet kvelden. En flott kveld med mye god mat og drøs og kjekke innslag.

Lørdagen var det barnefamiliene og ungdommene sin tur. Rett over 100 personer møtte opp på superlørdag. Artisten Tore Thommasen fenget både store og små med sin sang og musikk sammen med barnekoret i Tysværvåg, og etterpå var det kaker og pizzafest med skikkelig god italiensk pizza servert av lokale Haugaland Pizzeria Service.



Vilma og Emma Fjeldheim deltok på festkvelden






*Søndag var båten som reiser rundt til alle kirkene i Stavanger bispedømme med på gudsjenesten. Tysvær kyrkje sitt merke med møtesteinen og kirken tegnet på seilet av Elise Kvinnesland Høyvik.*

Ungene kunne vrimle og velge mellom ulike hobbyaktiviteter og leker oppe mens det i kjelleren var lagt ut mengder av lego der ulike aldersgrupper konkurrerte om "den gylne legokloss" i en uhøytidelig byggekonkurranse. I andre enden av kjelleren var det tapet opp bane og laget til hopp for radiostyrte biler og ungene ble guidet i gang av 3 kjekke 6. og 7. klassinger som hjalp til.

Lørdagskvelden ble det igjen servert pizza av Haugaland Pizzeria service til rundt 80 ungdommer som møtte opp på ungdomsklubben i Tysværvåg.

Søndag var det gudstjeneste i Tysvær kyrkje. Tore Thommasen deltok sammen med barnekoret og kirken hadde denne søndgen besøk av båten som reiser rundt til alle kirkene i Stavanger bispedømme som en del av markeringen av at Stavanger bispedømme blir 900 år i 2025.

Etter gudstjenesten ble jubileums-helga avsluttet med kirkekaffe på Soknehuset der det igjen var tid for kaker og god drøs, og lek for barna.

Ei flott jubileumshelg er over og det er godt å oppleve fellesskap sammen.



*Lørdagen kunne ungene vrimle og velge mellom ulike hobbyaktiviteter.*

## Super- og Kyrkjeonsdagsdatoer

**Onsdager kl. 16:00-18:00 i Aksdal kirke**

Sosialt treffsted med gratis middag for store og små. Superonsdag er et samarbeid imellom Haugesund/ Tysvær røde kors og Førresfjorden menighet.

| | |
|---|---|
| 15. januar: | Kyrkjeonsdag |
| 22. januar: | Superonsdag |
| 29. januar: | Superonsdag |
| 05. februar: | Superonsdag |
| 12. februar: | Superonsdag |
| 19. februar: | Kyrkjeonsdag |
| 26. februar: | Vinterferie |
| 05. mars: | Superonsdag |
| 11. mars: | Superonsdag |
| 18. mars: | Kyrkjeonsdag |
| 25. mars: | Superonsdag |
| 02. april: | Superonsdag |
| 09. april: | Superonsdag |
| 16. april: | Påske |
| 23. april: | Kyrkjeonsdag |
| 30. april: | Superonsdag |
| 07. mai: | Superonsdag |
| 14. mai: | Superonsdag |
| 21. mai: | Kyrkjeonsdag sommeravslutning? |
| 28. mai: | Superonsdag |
| 04. juni: | Superonsdag sommeravslutning |

## Me syng jula inn

**Bokn kyrkje**
**Søndag 15.desember kl. 19.00**

**Vakre juletonar med:**
Boknakoret/Aksang
Barnekor
Allsong

**Velkommen**

Konserten er gratis, det blir kollekt til kyrkjelydsarbeidet.



# Haustkonsert



**20. oktober på sjølvaste TV-aksjonsdagen, arrangerte me haustkonsert i Bokn Kyrkje. Soknerådet i Bokn har ynskje om at kyrkja skal "brukast" mykje.**

Konserten var ei gåve til soknet. Det var inga inngongs-betaling, men ein kunne vippse eit bidrag om ein ynskja.

Anne Tove Øvrebø er vår lokale "stjerne" som og hadde med seg vener, Jostein Marø og Magnhild Cecilie Vignes Kalleberg. Saman klarte dei skape ein magisk time med nær 100 frammøtte.

Det knaka i treverk av vindråsene, men det var berre ho som skulle over fjorden som tenkte på det. Det var særdeles treffande når ekstranummeret blei "Storms Newer Last" .

Tusen takk til alle dei som kom og gjorde haustkvelden så flott.

*tekst: May Jorunn Vatnaland/foto: Anita S. Are*

# Fiske og sjøfart



**29. september var det Temagudsteneste på Bokn. Tema: Fiske og sjøfart.**
**Dette var andre året me arrangerte dette, og det er svært gledeleg at deltakinga aukar.**

Havet gir, og havet tar – det er difor godt å få ei ekstra bøn med seg i starten på hummarsesongen.

I år var me og så heldig at me hadde jubileumsbåten med på arrangementet, noko som laga ei ekstra fin ramme rundt. Me fekk til og med plass inne i kyrkja til både båt og segl.

Gjesteartistar, og første gong i Bokn Kyrkje, var Serenety. Det må definitivt ikkje bli siste gong.
Det blei ein flott gudsteneste, med vakker song og nydelege "fiskeburgerar" i handa til kveldsmat.
Takk til alle dei som kom og gjorde dette til ei fin oppleving.

*tekst/foto: May Jorunn Vatnaland*



# Stallen ved Nedstrand kyrkje

Eit sikkert teikn på at kyrkja er i rute til jul ser folk når stallen og stjerna er på plass ved Nedstrand kyrkje. I tida fram til julaftan vil ein kunne følgje med på at det stadig kjem nye personar og figurar i stallen. Dei skapar forventning og hjelpar oss å glede oss til julekvelden og den store feiringa.

I år som tidlegare år vil det vere korte samlingar ved stallen kvar sundag kl 17.00. Samlingane passar for både små barn og tilårskomne som opnar opp for barnet i seg, og som har lyst å undre seg over denne utrulege fortellinga om teikn, folk på leit, om det som er vanskeleg å forstå; nå som då.

Det gir ein ekstra dimensjon til advent når vi står ute under stjerna – utan verforbehold - og syng "Tenn lys" og "Blomst av fred og glede" og høyrer og ser forteljinga om det som skjedde då Jesus vart fødd.

**Vel møtt søndagar kl 17.00**



# Adventsamling Nedstrand kyrkje

**Tirsdag 10. desember kl 11.00**

Soknerådet inviterer til stemningsfull førjulssamling i Nedstrand kyrkje. Dette er i samarbeid med Nedstrandtunet der vi legg godt til rette for at brukarar og pårørande kan delta. I tillegg er Aktivitet og fellesskap på Stranda og frivillige med.

Sokneprest Dag Tormod Milje leiar, og vi syng kjente songar saman og får god musikk både fra orgel og piano. Bente Haukeland les Ajax. Nedstrand barnehage er også med.

**Alle er hjarteleg velkomne.**

# Juletrefest på Tysvær Soknehus

**Også i år blir det tradisjonell juletrefest på soknehuset: Festen blir fredag 27.desember kl. 17 – 19.**

Det blir program med leikar, gang rundt juletreet, song, andakt, mat og besøk av nisse.

Inngongspengar kr. 50 for vaksne, kr. 150 for familie.

# Julefest Nedstrand

**Soknerådet inviterer søndag 5.januar til gudsteneste i kyrkja kl 16.00. Etterpå går vi i fakkeltog til Soknatun og held fram med god mat og drøs.**

Sjølvsagt skal vi gå rundt juletre og sjå kor mange ringar vi kan lage. Vi oppmodar dei som kan, til å ta med mat (salt og/eller søtt) som vi set på eit felles bord. Og så må jo borna få ein pose med eit eller anna oppi.

Denne dagen som nå heiter Kristi åpenbaringsdag, og som vår kyrkje feirar fyrste søndag etter nyttår, har vore ein stor kyrkjeleg festdag. Den vert tradisjonelt kalla for "Heilage tre kongars dag" og markerar at vismennene, eller kongane kom til Jesus med gåvene: Gull, røykelse og myrra. I ortodokse kyrkjer blir denne dagen feira som vår julafta. Vismennene kom frå heidenske områder og det har vore ei påminning om at Jesus vart fødd for å gi liv og håp til alle verdas folk.

**Alle er velkomen til ein tradisjonsrik julefest**.



# Syng jula inn i Tysvær kyrkje

**Søndag 15 desember kl. 17:00**

I år kjem Serenity, Emma og Vilma Fjeldheim, Boknakoret/Aksang og Førland Skulemusikkorps til Tysvær kyrkje.

Serenity er ei lokal gruppe som held til i Tysværvåg. Dei er tre vokalistar, pianist, gitarist, trommer og steel.

Boknakoret/Aksang blir dirigert av Anne Tove Øvrebø og akkompagnert av Lars Johannes Liknes.
I år har me òg fått med oss Emma og Vilma Fjeldheim som bidrar med song.

Førland Skulemusikkorps kjem som alltid med sin dirigent Lars Johannes Liknes. Dei speler solostykker og er med på allsongar saman med orgelet. Sokne-prest Tor Egil Eriksen leier kvelden og kantor Bergfrid Seibt spelar orgel.

**Velkommen til Tysvær kyrkje!**

Hvordan har du det...
EGENTLIG?
Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

# Nært og personleg møte med Sunniva Gylver

av Bjørg Rørtveit

**Er Sunniva Gylver norges mest engasjerte prest? Kalenderen hennar er iallefall konstant full, og ho brukar all si tid i teneste for andre. Som sokneprest i Fagerborg kirke i Oslo, som foredragshaldar, forfattar og samtalepartnar for utallige menneske i krise. I tillegg har ho sjølv hatt mange kriser gjennom livet, ikkje minst tapet av ektemannen Lars Kristian i 2021.**

Ho seier sjølv ho er velsigna med eit lyst sinn, samtidig som ho finn stor styrke i trua,- og at dette har vore med på å bære henne gjennom tunge dagar.



Lørdag 23.november besøkte ho Nedstrand kyrkje, og dei frammøtte fekk høyre ord til trøyst, til håp - og til realisme på veg inn i jula. Ei høgtid som for mange kan vere som eit forstørrelsesglas på både det gode og det vanskelige. Sunniva er opptatt av at alle må finne si form på jula, alt etter kor ein er i livet. Og at me ikkje skal samanlikne oss så mykje med andre.



*Bilde: Utsikten frå Hollekleiv over eit snøkledd Nedstrand i vakkert vinterlys vakte begeistring!*

Hennar uttrykk "midt i alt som er" har bakgrunn i at det kanskje ikkje alltid er så lett å ønske alle "god jul" eller "god ferie",- men når ein føyer til "midt i alt som er" viser det at ein ser og anerkjenner livet og medmenneske sine utfordringar. Sunniva snakka også om å gjere bagasje til ballast, - at det me har med oss på godt og vondt, kan vere med på å halde livsskuta stødig i bølgjene.

Tittelen på Sunniva Gylver si nye bok er "Himmel på jord- tanker for julen", der du gjennom 24 korte kapittel kan få eit nytt møte med juleevangeliet. Mange ville kjøpe boka i etterkant av foredraget, og vil få fint følgje av Sunniva kvar dag gjennom adventstida.

Sunniva Gylver er ein av 3 innstilte til biskopstillingen i Oslo, -dette blir avgjort i starten av desember.

**Me takkar for eit givande og varmt besøk!**

## Trenger du noen å snakke med?

*Diakoner og prester er alltid tilgjengelig for samtale. Ingenting er for lite og ingenting for stort.*

*På tirsdager sitter diakonen på Aksdalsenteret mellom kl.12.00-14.00. Sett deg gjerne ned og slå av en prat.*

*Ta kontakt med diakon Synnøve S. Haakonseth på tlf. 465 28 756 eller e-post: synnove.haakonseth@tysver.kommune.no*

***Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge byrder, og jeg vil gi dere hvile.***
*Matt 11, 28*





# bLEST og Seniorperler i kirka

tekst og foto: Asbjørn Erdal

**– Veldig kjekt at vi får til et bLEST-arrangement i kirka også, sier Ingvar Frøyland. Han har vært en ildsjel for kulturlivet i Tysvær i en mannsalder, og synes det er flott når ulike aktører kan jobbe sammen og utfylle hverandre for å få gode arrangementer.**



*Prest og forfatter Geir Gundersen under bokpresentasjonen sin.*

I år var det Geir Gundersen som presenterte boka si «Mi sorg er lys» i kirken i Aksdal under bLEST. Gundersen er mest kjent for å ha holdt morgen-andakter i radioen i 40 år. Boka han har skrevet nå, handler om tida da kona fikk kreft og døde. Han forteller om hvordan familien opplevde dette, om angst, avmakt, håp og lys.

– Et flott arrangement og nesten fullstatt sal. Så dette ville folk gjerne høre, sier Ingvar.

– I september hadde vi også et fint arrangement i kirken i samarbeid mellom Tysvær historielag, Seniorperler, Tysvær bibliotek og Førresfjorden menighet. Da var det professor Jørn Øyrehagen Sunde som hadde en historietime vi sent vil glemme, sier Ingvar.

Bakgrunnen for det arrangementet var at det i år er 1000 år siden kristenretten ble vedtatt på Moster og 750 år siden vi fikk Magnus Lagabøters landslov. Begge disse begivenhetene medførte at kristen tankegang kom inn i det norske lovverket. Jørn Øyrehagen Sunde er en prisvinnende formidler og fortalte levende hvordan det var i Norge i middelal-deren da disse lovene ble innført.

## Julekonsert Straumen

**Skjoldastraumen kyrkje fredag 20. desember kl. 19.00.**

Velkommen til julekonsert; Vi syng jula inn i Straumen. Som vanleg har vi med lokale musikalske krefter som framfører kjente julesongar og melodiar. Det blir juleforteljing ved Dag Tormod Milje. Ingrid Hustoft er med på piano og orgel og Synnøve Baardsen Lindanger på kornett. Fleire frå bygda, som ikkje er helt avklart i skrivande stund, deltar også.

I tillegg til soloistinnslag syng vi saman gode jule-songar. Vi møter ei høgtidspynta kyrkje som gir ei flott stemningsfull ramme.

**Fri entre – gåve på Vipps #137453**

## "Vår Jul" i Nedstrand kyrkje

**Nedstrand Kyrkje lørdag 21. desember kl 19.00**

Konserten inneheld eit variert program med alt frå våre kjæraste julesongar til nyare norsk rock og viser, drivande god gospel og amerikanske svisker. Denne kvelden skal vi syngje gode og kjende julesongar saman, men også få nyte gode solistar.

Også i år blir Ole Morten Velde med, samt våre lokale solistar Jorunn Sande Baustad, Ingrid Skogvold, Åsne Breidablik Hustoft, Rita Rimereit og Ingrid Landro. Gode songarar i julekoret sørgjer for flott korsong.



Bandet består av Anders Lunde (bass), Jon Olav Svensson Haakonseth (tangentar), Torleif Fossum (gitar), Arne Haugen (trommer) og Trond Schølberg (steel-gitar)

«Vi trur denne kvelden vil gi ei flott oppleving der vi både får lytte til god musikk og vere med å syngje om det som skjedde i Betlehem og kva det betyr for oss i høgtida og i kvardagen,» seier Arne Myskja som skal leie oss gjennom kvelden.

**Entre kr 250 (under 18 år fri entre). Billettar kan ein kjøpa på vipps #137453**

**Vel møtt til Julekonsert Vår Jul**

*Bilete frå "Vår jul" i Nedstrand kyrkje.*
*tekst og foto Dag Tormod Milje*



# Lys i mørket

*av Eva Keller, arbeidsleder for gravplassane i Tysvær*

**Nå er vinteren og mørketiden kommet, og alle gravplasser er vakkert opplyst med små lys og lykter. Men det vakre har dessverre en bakside.**

Gravplasser over hele landet sliter med søppel av engangslys og lykter. Og det er ikke noe unntak på de lokale gravplassene i Tysvær kommune.

Hos oss sorterer vi søppel som blir kastet i søppeldunker som står på alle gravplasser, men ikke all søppel havner i dunkene: metall lokk blir blåst bort og gravlys blir tatt av fugler før vi klarer å kaste dem i søppeldunken. Kråker og skjærer stjeler gravlys, flyr av sted med dem, slipper dem hvor som helst for å spise stearinen og lar resten ligge. På den måten havner både metall-lokk og plast for eksempel på beiter, på veier og ellers i naturen. Særlig farlig blir det dersom metallet kommer i gresset og havner i foret til kyr og andre storfe.

Georg Mathisen skrev om tematikken i bladet Gravplassen 3/24. Der kan vi lese om en fortvilet kirkeverge i Nord-Aurdal, Aud-Karin Hovi, som forteller at hun håper på at disse gjenstandene blir forbudt. Videre i artikkelen kan vi lese om et EU-direktiv: «Seksjonsleder Jone Rivrud Rygg i Miljødirektoratet forteller at det er et EU-direktiv som er grunnen til at engangs-gravlys ikke er forbudt i Norge.

– En rekke engangsartikler av plast er nå forbudt å sette på markedet, sier han, men gravlys er ikke omfattet av dette forbudet, som stammer fra et EU-direktiv."



Vi håper at dette er noe vi alle må ta ansvar for og derfor vil vi oppfordre folk til å sette engangslykter inn i lukkede lykter som enten monteres på gravminnet eller settes fast i jorden. Med dette kan vi ha en fin og stemningsfull gravplass og samtidig ta vare på naturen.



Mål 8:

# ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST





For mennesker i arbeidsfør alder som er friske og ikke under utdanning, er det viktig å ha en jobb å gå til. Ved å jobbe bidrar vi til samfunnet, samtidig som vi tjener til livets opphold og får utvikle oss selv. Når arbeidsdelingen i samfunnet gjøres på en god måte, representerer det menneskeheten på sitt beste. Vi bidrar med ulike evner og ideer, med omsorg og muskelkraft, og til sammen blir det et maskineri som dekker de mange behovene i samfunnet.

Dessverre jobber altfor mange mennesker under dårlige forhold, og de tjener ikke nok til å komme seg ut av fattigdommen. I bærekraftsmål nummer 8 står det at statene skal fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle.

Utviklingsland må vokse økonomisk for å kunne løfte befolkningen ut av fattigdom. Da trengs det anstendige jobber til alle, og det trengs økonomisk vekst som er bærekraftig. At arbeidet skal være anstendig, er vesentlig. For arbeidsdelingen kan også representere menneskeheten på sitt verste. Når mennesker blir tvunget inn i slavearbeid eller utnyttet til å jobbe hardt for luselønn, er det undertrykking og ikke utvikling.

## Teologisk refleksjon

«En arbeider er verd sin lønn», sa Jesus da han sendte disiplene ut i tjeneste (Lukas 10,7). Ordene gjelder enhver ærlig arbeider, og de er sikkert formet av Jesu egen arbeidserfaring som tømmermann (Markus 6,3). Årene som arbeidsmann hadde neppe gitt Jesus bare gode minner, men erfaringer av hardt slit for en usikker lønn på byggherrers nåde. De kan ha gitt næring til drømmen om en tid da folk bygger hus som de selv får bo i (Jesaja 65,21).

I lignelsen om arbeiderne i vingården (Matteus 20,1–16) snur Jesus opp ned den gjeldende verdiskalaen i arbeidslivet. Ved å la de siste være de første hevder Jesus alles likeverd og anstendighet, uavhengig av sosiale og prestasjonsrelaterte koordninger. Jesus bekrefter arbeidets verdi ved samtidig å framholde arbeiderens ukrenkelige verdi.

Det er direkte uanstendig å redusere arbeideren til et ledd i en produksjonskjede i jakten på fortjeneste.

Bibelen framstiller arbeid som tjeneste – for Gud, for nesten og for hele skaperverket (1. Mosebok 2,15). Arbeid er derfor et gode som virkeliggjør det Gud har kalt oss til. Vekst er en naturlig konsekvens av arbeid; det er god vekst når den er bærekraftig og bidrar til alles velferd.



Tekst og illustrasjoner er hentet fra "Bærekraftsboka - FNs bærekraftsmål i lys av kristen tro", utgitt av en rekke organisasjoner, kirkesamfunn og enkelt-personer. Finansiert av Norad og Seksjon for diakoni og samfunn i Kirkerådet.

Redaktører og tekstarbeid: Guro Almås og Anne Marte Skaland.
Teologiske refleksjoner: Kjell Nordstokke. Illustrasjoner: Mari Kvale

KIRKENS NØDHJELP actalliance
Norges Kristne Råd
KFUK KFUM
DEN NORSKE KIRKE Mellomkirkelig råd



*I kjellaren i kyrkja Love of Christ, som også er ein bombesikker stad, blir lunsjen laga på kjøkkenet som er bygt av Kirkens Nødhjelp.*

# Ei trygg hamn

*tekst Kirkens Nødhjelp/foto Håvard Bjelland*

**UKRAINA: På flyktningsenteret til kyrkja Love of Christ møter vi 4 månader gamle Miran og mora Takhmina. Dei har vore i fangenskap og på flukt sidan krigen braut ut for snart tre år sidan. Medan dei eldste barna leikar i portrommet utanfor, fortel Takhmina oss historia si, med Miran ved brystet.**



*Takhmina og borna blei låste inne i kjellaren medan dei russiske okkupantane tok over huset. I ni månader såg dei (nesten) ikkje dagsljos. No kan ho og Miran gå ut i bakgården til kyrkja og få ljos og tryggleik*

## Då russarane kom

Russarane kom så fort at familien ikkje rakk å flykte. Soldatar small opp døra heime hos henne, der ho sat åleine med barna. Dei neste ni månadane vart eit mareritt, der ho berre fekk oppleve dagslys ein einaste gong. Takhmina og borna vart låste ned i kjellaren, medan soldatane slo seg ned i huset. Ho og borna torde ikkje gå ut. Ei bøtte vart toalettet til heile familien, rå poteter og innimellom nokre grønsaker var alt dei fekk å ete. Lukta var forferdeleg. Ein pensjonert nabo risikerte livet ved å levera drikkevatn til familien nokre gonger i veka.

## Tryggleiken

Ukrainske styrkar klarte til slutt å ta tilbake området der dei budde. Nyleg kom ho til tilfluktsrommet i Mykolaiv der Kirkens Nødhjelp, saman med den lokale kyrkjelyden, har gjort bomberommet under kyrkja om til ein trygg heim for folk på flukt. Her finst senger, kjøken, dusj og aktivitetsrom for barn. Ei nydeleg lukt av borschtsuppe siv ut frå kjøkenet.

– For første gong på veldig lenge søv vi no gjennom heile natta. Det er så stille og godt her, og det kjennest som vi har kome til ei trygg hamn.

Folk i kyrkjelyden og andre frivillige hjelper flyktningane med det dei treng. Takhmina og barna har hatt besøk av ein psykolog i dag tidleg, og jobbar no med å skaffa seg nødvendige papir, slik at dei kan få sosialstøtte og kome seg vidare i livet.

– Det er Guds velsigning at vi klarte å kome oss levande hit til denne staden, seier Takhmina.
Både i Ukraina og i Noreg skal vi snart feire jul og minnast den natta Jesusbarnet vart fødd inn i ei verd med fattigdom, forfølging og nød.

No, som då, er Gud midt i lidinga og nauda. Vi ser om og om igjen at menneske finn trøyst og håp i trua på noko som er større. Større enn oss sjølve, større enn fortvilinga og større enn "her og no".

Kirkens Nødhjelp samarbeider med kyrkjer og religiøse samarbeidspartnarar over heile verda. Vi har ein tilleggsverdi i vårt diakonale arbeid - trua på eit håp, og at alle menneske er like mykje verd. Det er vårt kall og vår oppgåve å kjempe mot naud og fattigdom.

Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, byggjer sterke lokalsamfunn og kjempar for rettferd - kvar dag.

**Slik gjev du den viktigaste julegåva i år:**
Vipps eit valfritt beløp til 2426
Send GAVE på SMS til 2426 og gje 300 kroner.
Gåvekonto: 1594.22.87248









## Preiketekstane - vinteren 2024/2025

| | | | |
|---|---|---|---|
| Søndag 1. desember | **1. søndag i adventstiden** | Matt 21,10–17 | Jesus drar inn i Jerusalem |
| Søndag 8. desember | **2. søndag i adventstiden** | Joh 16,21–24 | Angst og glede |
| Søndag 15. desember | **3. søndag i adventstiden** | Joh 5,31–36 | Gjerningene vitner om meg |
| Søndag 22. desember | **4. søndag i adventstiden** | Matt 1,18–25 | Budskapet til Josef |
| Tirsdag 24. desember | **Julaften** | Luk 2,1–20 | Jesus blir født |
| 24.des./25.des. | **Julenatt/Ottesang** | Matt 1,18–25 | Josef og Jesu fødsel |
| Onsdag 25. desember | **Juledag** | Joh 1,1–14 | Ordet ble menneske |
| Torsdag 26. desember | **Stefanusdag/2. juledag** | Joh 16,1–4a | De skal støte dere ut |
| Søndag 29. desember | **Romjulssøndag** | Luk 2,25–35 | Simeons lovsang |
| Tirsdag 31. desember | **Nyttårsaften** | Matt 11,25–30 | Jeg vil gi dere hvile |
| Onsdag 1. januar | **Nyttårsdag/Jesu navnedag** | Matt 18,19–20 | Samlet i mitt navn |
| Søndag 5. januar | **Kristi åpenbaringsdag** | Joh 12,42–47 | Som lys er jeg kommet til verden |
| Søndag 12. januar | **2. søndag i åpenbaringstiden** | Joh 1,29–34 | Guds lam bærer verdens synd |
| Søndag 19. januar | **3. søndag i åpenbaringstiden** | Joh 1,15–18 | Han har vist oss hvem Gud er |
| Søndag 26. januar | **4. søndag i åpenbaringstiden** | Luk 13,10–17 | Jesus helbreder en kvinne |
| Søndag 2. februar | **5. søndag i åpenbaringstiden** | Joh 5,1–15 | Den syke ved Betesda |
| Søndag 2. februar | **Kyndelsmesse** | Luk 2,22–40 | Jesus blir båret frem i tempelet |
| Torsdag 6. februar | **Samefolkets dag** | Joh 21,9–13 | Jesus møter disiplene |
| Søndag 9. februar | **6. søndag i åpenbaringstiden** | Mark 13,21–27 | Når Menneskesønnen kommer |
| Søndag 16. februar | **Såmannssøndag** | Matt 13,24–30 | Ugresset i hveten |
| Søndag 23. februar | **Kristi forklarelsesdag** | Luk 9,28–36 | Disiplene får se Jesu herlighet |
| Søndag 2. mars | **Fastelavnssøndag** | Luk 18,31–34 | Se vi går opp til Jerusalem |
| Onsdag 5. mars | **Askeonsdag** | Mark 2,18–20 | Fest eller faste |
| Søndag 9. mars | **1. søndag i fastetiden** | Matt 26,36–45 | I Getsemane |
| Søndag 16. mars | **2. søndag i fastetiden** | Luk 13,22–30 | Den trange dør |
| Søndag 23. mars | **Maria budskapsdag** | Luk 1,39–45 | Maria og Elisabet |
| Søndag 30. mars | **3. søndag i fastetiden** | Luk 22,28–34 | Jeg ba for deg |
| Søndag 6. april | **4. søndag i fastetiden** | Joh 6,24–36 | Jeg er livets brød |
| Søndag 13. april | **Palmesøndag** | Joh 12,1–13 | Salving og inntog |

PLANAR OM Å ARRANGERE DÅP, JUBILEUM, MINNESTUND, BARNEBURSDAG ELLER ANDRE SAMANKOMSTAR?

### Leig Soknatun!

Soknatun har mellom anna velutstyrt kjøkken, romslege, lyse lokale, musikkanlegg, projektor og leikerom.

Prisar for utleige:
Heil dag 1500,-
Barnebursdag 500,-

Ein kan booke huset to år i førevegen, og det er første mann til mølla.

Har du spørsmål om utleige eller ønskjer å booke Soknatun? Ta kontakt med Beate Lindgren på 97621843 eller Gunstein Landro på 92408151.


**Stell av gravplasser i Tysvær**

AOI Arbeid og Inkludering

**avdeling Vepro**
**Tlf: 932 16 679**


**Neste nummer kjem i postkassen ca. 14. mars**

**Frist for stoff til nr 1/2025: 21. februar 2025**

*Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142*



# Gjennom livet

## Døypte

### Aksdal Kyrkje
15.09 Sofie Nodland Jørgensen
29.09 Sebastian Skogen Frøland
29.09 Aria Tysse Stakland
06.10 Arve Høyner Hallingstad
06.10 Sunniva Baustad
06.10 Hege Marie Ytreland Moen
10.11 Jenny Duesund
10.11 Emma Nodland Ellingsen
10.11 Jens Kristian Mikkelsen
24.11 Lucas Helgesen Aasbø
24.11 Sanna Thomassen Vatland

### Førre Kirke
22.09 Arne Johan Hollekim
22.09 Henrik Skorpe Frøystad
22.09 Odin Fjellet Rylandsholm
20.10 Markus Fosse
20.10 Mari Helle Gladsø
03.11 Olivia Svanæs Stølen
03.11 Emrik Hetland Münzer
03.11 Mathias Endresen Berg

### Nedstrand Kyrkje
15.09 Arne Costache Espeland

### Skjoldastraumen Kyrkje
15.09 Vemund Alne Froestad
19.10 Tobias Østebøvik
27.10 Helena Spartveit Sæbø
03.11 Ada Jordalen
03.11 Sindre Klungtveit Lilleskog
17.11 Jakob Hundsnes Nesse

### Tysvær Kyrkje
15.09 Oliver Djuve Surnevik
20.10 Leah Almås Vesterøy
20.10 Marie Medhaug Håstø
27.10 Jonas Heskja

### Bokn Kyrkje
15.09 Eira Sunde
13.10 Tellef Voll Kolnes
13.10 Mia Skeie Johannessen
27.10 Amanda Tjøstheim Trosnavåg

## Vigde

### Aksdal Kyrkje
14.09 Liv Jorunn Frønsdal og Øystein Østebøvik

### Bokn Kyrkje
21.09 Kristine Leirdal og Lars Øyvind Alvestad

### Førre Kirke
14.09 Kristina Leversund og Erlend Hjelmervik Lofthus
12.10 Eva Ortega Haugan og Terje Kringeland

### Tysvær Kyrkje
14.09 Camilla Strand og Tollak Emil Grinde Gismarvik

### Bokn kyrkje
21.09 Kristine Leirdal og Lars Øyvind Alvestad

## Jordfesta

### Tysvær Kyrkje
13.09 Lars Fredsvik
15.10 Olav Karsten Holum
17.10 Sigmund Gjerde
22.10 Jenny Myklebust Kalkvik
07.11 Narve Skogøy

**Bisatt:**
22.08 Tor Erland
05.09 Karl Oskar Rossebø

### Førre Kirke
24.09 Sigrun Berg
25.10 Osmund Einar Stølsvik
31.10 Gerd Marie Sundene
08.11 Odd Johan Førre

**Bisatt:**
29.10 Arne Nordtveit

### Nedstrand kyrkje
Gerd Judith Helgeland

### Skjoldastraumen Kyrkje
01.11 Odd Eriksen
01.11 Torleif Lilleskog
05.11 Leif Sponevik

### Bokn kyrkje
04.10 Sigurd Johnny Svendsen

**Bisatt:**
15.11 Karsten Berge Øvrebø

# Velkommen til kyrkje

## Aksdal kyrkje

*Vipps nr. offer: #100203*

**1. desember kl.18.00**
Lysmesse

**8. desember kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. desember kl.14.30**
Julaften

**24. desember kl.16.00**
Julaften

**25. desember kl.12.00**
Høytidsgudstjeneste 1.juledag

**31. desember kl.16.00**
Gudstjeneste

**5. januar kl.18.00**
Helligetrekongersfest

**12. januar kl.11.00**
Hel-Gudstjeneste

**26. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**16. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

**2. mars kl.11.00**
Gudstjeneste

**9. mars kl.11.00**
Gudstjenste

**16. mars kl.11.00**
Gudstjeneste

**30. mars kl.11.00**
Gudstjeneste

## Førre kirke

*Vipps nr. offer: #100203*

**15. desember kl.11.00**
Gudstjeneste

**24. desember kl.14.30**
Julaften

**24. desember kl.16.00**
Julaften

**19. januar kl.11.00**
Gudstjeneste

**23. februar kl.11.00**
Gudstjeneste

**23. mars kl.11.00**
Gudstjeneste

## Nedstrand kyrkje

*Vipps nr. offer: #105423*

**1. desember kl.17.00**
Lysmesse

**24. desember kl.16.15**
Julaften

**25. desember kl.12.00**
Høgtidsgudsteneste 1.juledag

**5. januar kl.16.00**
Helligetrekongersdag

**19. januar kl.11.00**
Gudsteneste

**16. februar kl.13.00**
Gudsteneste

**2. mars kl.11.00**
Gudsteneste

**16. mars kl.13.00**
Gudsteneste

## Tysvær kyrkje

*Vipps nr. offer: #105396*

**1. desember kl.16.00**
Lysmesse

**15. desember kl.17.00**
Vi synger jula inn

**24. desember kl.16.00**
Julaften

**25. desember kl.12.00**
Høgtidsgudsteneste 1.juledag

**1. januar kl.19.00**
Nyttårsgudsteneste

**12. januar kl.11.00**
Gudsteneste

**2. februar kl.11.00**
Gudsteneste

**16. februar kl.11.00**
Gudsteneste

**2. mars kl.15.00**
Gudsteneste

**30. mars kl.11.00**
Gudsteneste

## Skjoldastraumen kyrkje

*Vipps nr. offer: #105423*

**1. desember kl.19.30**
Lysmesse

**15. desember kl.11.00**
Gudsteneste

**24. desember kl.15.00**
Julaften

**26. desember kl.11.00**
Høgtidsgudsteneste 2.juledag

**12. januar kl.11.00**
Gudsteneste

**19. januar kl.13.00**
Gudsteneste

**16. februar kl.11.00**
Gudsteneste

**2. mars kl.13.00**
Gudsteneste

**16. mars kl.11.00**
Gudsteneste

## Bokn kyrkje

*Vipps nr. offer: #88450*

**1. desember kl.18.00**
Lysmesse

**15. desember kl.19.00**
Vi synger jula inn

**24. desember kl.14.00**
Julaften

**31. desember kl.16.00**
Nyttårsgudsteneste

**5. januar kl.11.00**
Gudsteneste

**26. januar kl.11.00**
Gudsteneste

**16. februar kl.15.00**
Gudsteneste

**16. mars kl.11.00**
Gudsteneste

**30. mars kl.15.00**
Gudsteneste